

INFORMASJON TIL FØRESETTE OG ELEVAR:**SPØRJEUNDERSØKING OM BRUK AV IKT I NORSKE SKOLAR OG BARNEHAGAR****"MONITOR 2019"**

Denne spørjeundersøkinga handlar om korleis elevar bruker digitale ressursar og verktøy på skolen, og kva slags utstyr skolane har som elevane kan bruke. Det er også nokre spørsmål om korleis elevane bruker, eller ikkje bruker, mobiltelefon på skolen. Det same spørjeskjemaet blir sendt til elevar på 4., 7. og 9. trinn i skolar over heile landet og til nokre vidaregåande skolar.

Spørjeskjemaet er utforma i eit samarbeid mellom SINTEF og Utdanningsdirektoratet. Dataa skal brukast til å få meir kunnskap om, og betre forståing for, korleis IKT blir brukt i norske skolar og barnehagar. Vi skal sende den same undersøkinga, men med litt andre spørsmål, til rektorane og til dei som eig skolen, kommunen og fylkeskommunen.

Det er SINTEF som står for utsendinga av spørjeskjemaet du som elev skal svare på. Om du treng hjelp, kan læraren din vise deg korleis du skal gjere det.

Vi bruker plattformen QuenchTec når vi sender ut skjemaet og får tilbake svara. Undersøkinga blir sendt på e-post til skolen, og ikkje til den enkelte eleven. Det betyr at det er vanskeleg å vite kven som har svart kva. Det er frivillig å delta i undersøkinga, og vi behandlar opplysningar om deg basert på samtykke. Dersom du som elev ikkje ønsker å delta, seier du frå til læraren din. Dersom du som føresett ikkje ønsker at barnet ditt skal delta, gir du læraren beskjed om det.

Undersøkinga er meldt inn til Norsk Senter for Forskningsdata, NSD.

På oppdrag frå SINTEF Digital har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Dine rettigheter

Du kan til ein kvar tid få innsyn i kva opplysningar som er registrert om deg, og du har rett til å få korrigert eventuelle feil i opplysningane vi har registrert. Du kan kva tid som helst krevje at innsamla opplysningar om deg blir sletta frå registeret, utan at du må grunngje dette.

Har du spørsmål til undersøkinga eller ønsker å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Utdanningsdirektoratet ved prosjektleiar Elin Johanne Reite Elin.Johanne.Reite@udir.no
- SINTEF Digital ved seniorforskar Lisbeth Øyum Lisbeth.Oyum@sintef.no
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost: (personvernombudet@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Vi håper at mange deltar, slik at undersøkinga kan gi oss eit godt grunnlag for kunne seie noko om den digitale tilstanden i skolen.

På førehand, tusen takk for deltakinga!

Med vennleg helsing
Lisbeth Øyum
Prosjektleiar
SINTEF Digital